



Arkivnr: 2017/4623-1

Saksbehandlar: Hanne Espe og Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 20.06.2017 |

Revidering av retningsliner til utviklingsstipend og nye retningsliner for nytt stipend til gateaktivitet

Samandrag

Hordaland fylkeskommune deler kvart år ut utviklingsstipend til unge talent innan idrett. Tidlegare har det vore ope for søknadar frå unge trenarar, leiarar, dommarar og utøvarar. Det er stort sett berre utøvarar som har søkt dei siste åra, og difor føreslår fylkesrådmannen at det frå og med 2017 berre er utøvarar som kan søkje. I budsjethandsaminga for 2017 vart det vedteke å auka desse stipenda frå kr. 25.000,- til kr. 30.000,- per stykk. Utviklingsstipenda for idrettsutøvarar vert delt ut under Fylkestinget i desember.

Frå 2017 vert det i tillegg delt ut eit nytt stipend på kr. 30.000,- til ein utøvar innan gateaktivitet, som t.d. skating, dans, parkour el.l. Det vert lagt fram forslag til eigne retningsliner for stipend for gateaktivitet, då dette skil seg frå dei andre stipenda. Fylkesrådmannen føreslår å setje ned eit utval med representantar frå Ungdommens Fylkesting, Bergen kommune, Olympiatoppen Vest, ein med utøvarerfaring og Hordaland fylkeskommune for bistå fylkesrådmannen med å gje ei innstilling til utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Søknadsfristen vil samkjøyst med Bergen kommune (1. oktober) og vert annonsert gjennom eigne nettsider, regional avis og gjennom sosiale meider og epost til kommunane. Olympiatoppen Vest vil også dele gjennom sine kanalar. Utøvar, gruppe eller særkrets/ miljø kan sende søknad på elektronisk søknadsskjema via www.hordaland.no/tilskot

Stipenda vert delt ut under Fylkestinget i desember. Fylkesrådmannen føreslår at stipendet til gateaktivitet vert delt ut av representant frå Ungdommens fylkesting og dei fem andre vert, som tidlegare år, delt ut av leiar for utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Forslag til vedtak

1. Vedlagte retningsliner for utviklingsstipend for idrettsutøvarar vert vedteke slik dei ligg føre.
2. Vedlagte retningsliner for gateaktivitet vert vedteke slik dei ligg føre.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.